



Statens vegvesen

Eidfjord kommune
Simadalsveien 1
5783 EIDFJORD

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth /
56520207

Vår referanse:
15/258201-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.06.2016

Vedkomande kommunedelplan for Sysendalen og uavklarte forhold mot Rv. 7 – jf Statens vegvesen sin uttale til høyringsframlegget av planen

Viser til sak om kommunedelplan for Sysendalen i Eidfjord kommune, og til Statens vegvesen sin uttale i samband med høyringa. Uttalen er dagsett 11.02.2016. Viser også til uttale frå Hordaland fylkeskommune og frå Fylkesmannen i Hordaland der det vert vist til Statens vegvesen sin uttale.

Statens vegvesen har forståing for at utvikling i Sysendalen betyr mykje for Eidfjord kommune, og me ynskjer framleis jobba saman med Eidfjord kommune for å få til ei satsing til gagn for både dei tilreisande til Sysendalen og til dei som er på veg andre stader. Føresetnaden er at det vert lagt til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og at dette også tek omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles. Me meiner Eidfjord kommune går rette vegen når dei prioriterer å utarbeida kommunedelplan. Ein slik plan er overordna reguleringsplanar, og han legg føringar til kva tilretteleggingar og krav som må med i reguleringsplanane. Det me er skeptiske til er at fleire reguleringsplanar i Sysendalen er i prosess, er sendt på høyring, og er vedteke før kommunedelplanen for Sysendalen er ferdig utarbeidd og vedteken.

I Statens vegvesen sin uttale til kommunedelplanen peika me mellom anna på:

- Trafikkgrunnlaget planframlegget baserer seg på er ikkje rett.
- Vegstandard, tilrettelegging for mjuke trafikantar, forholda for kollektivtransport m.m er knytt opp mot mengde trafikk.
- Byggegrense langs Rv. 7.
- Rekkefølgeføresegner og utbyggingsavtalar.
- Ber om eit dialogmøte for å freista koma fram til ei løysing før planframlegget skal til endeleg avgjerd.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Slik me oppfattar det har Eidfjord kommune ikkje funne tid til å prioritere eit dialogmøte med Statens vegvesen. Statens vegvesen har heller ikkje mottatt tilbakemelding frå kommunen når det gjeld våre merknadar til planframlegget for Sysendalen.

Trafikkgrunnlaget for Rv. 7 er ÅDT på 1100 med ein tungbilandel på 18%. Dette er tal frå 2015. Framskrivning av trafikktal er 20 år fram i tid etter åpningsår. Det vil for Sysendalen sei framskrivning til tidlegast år 2040. Framskrivne trafikktal, berekna ut frå dagens ÅDT, vert følgjande: ÅDT = 1573, derav 304 tunge køyretøy. Trafikkauken utviklinga i Sysendalen vil føra til er ikkje med i berekninga.

Med ei stor utbygging og utvikling i Sysendalen meiner Statens vegvesen framleis at det må setjast krav til tilrettelegging for mjuke trafikantar, krav til utforming av kryss og andre anlegg (jfr vår uttale av 11.02.2016). Kravet må inn i føresegnene som rekkefølgjekrav, og finansieringa må sikrast gjennom utbyggingsavtalar. I trafikkanalysen utarbeidd av iVest Consult vert det også peika på tilhøve for mjuke trafikantar m.m. Statens vegvesen observerer at ingen av tilrådingane i denne analysen er sikra gjennom juridisk bindande arealdel og føresegner.

I så snøtunge område er det spesielt utfordrande m.o.t drift- og vedlikehald. Fos Statens vegvesen er det då vesentleg at det vert sett klare byggegrenser for bygging og parkering langs Rv. 7. Dette er ikkje med i planframlegget.

Kommunedelplanen for Sysendalen er eit overodna styringsverktøy. Dette bør vera eit godt gjennomarbeidd dokument basert på rette grunnlagsdata.

Statens vegvesen sin uttale av 11.02.2016 peikar direkte på manglar som gjer at det er uråd å ta endeleg stilling til planframlegget.

Då vi ikkje har lukkast å kome fram til avklaringar av våre merknadar, må vår uttale dagsett 11.02.2016 sjåast på som motsegn til planframlegget som vart sendt til offentleg ettersyn. Statens vegvesen ber Eidfjord kommune om å utsetja vidare handsaming av framlegg til kommunedelplan for Sysendalen til etter ferieavviklinga. Snarast etter ferien gjennomfører me så eit møte i denne saka,- gjerne i samhandling med fylkesmannen.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN